

VA-Rammeplan

Detaljregulering for fritidsbustader – Grindheimsvågen
14/21 m.fl., Bømlo kommune.



Planid.: 4613_202401

Dato: 21.02.2025

Rev dato: 01.04.2025


Innhold

1	<i>Innleiing</i>	2
2	<i>Vassforsyning</i>	3
2.1	Løysing for vasstilførsle	3
3	<i>Løysning for avløp – privat avløpsanlegg – Reinseanlegg</i>	5
4	<i>Overvasshandtering</i>	6
4.1	Dagens løysing	6
4.2	Beskriving av området	6
4.3	Berekning av overvassmengd etter utbygging.....	7
4.3.1	Utrekning av overvassmengd.....	7
4.4	Overvasshandtering	9
4.4.1	Flaumvegar	11
4.5	Konsekvensar for areal nedstraums planområdet	11
5	<i>Kjelder</i>	12
6	<i>Vedlegg</i>	12

1 Innleiing

Hovudføremålet med planen er å legge til rette for vidare bygging av fritidsbustadar med tilhøyrande småbåtanlegg, tilkomst og parkering.

Planområdet er 17 daa og ligg ved Grindheimsvågen ved Moster i Bømlo kommune.



Figur 1 Oversiktsbilde av planområdet

Bømlo kommune sine krav til innhald og omfang av VA-rammeplan er lagt til grunn for utarbeiding av VA-Rammeplanen. Planen skal gi prinsipløysingar for området, samanheng med overordna hovudsysteem, dimensjonere for framtidig endring i klima, syne løysninga for overvasshandtering, sikre flaumvegar og sløkkjevatn.

VA-Rammeplanen er utarbeida i samband med detaljreguleringa.

Bømlo er ikkje rekna som følsamt område i forureiningsforskrifta. Området ligg i Bømlo vassdragsområde/REGINE-eining i NVE Atlas (043). Planområda strekk seg i frå sjø til om lag 22 m.o.h. ved høgaste punkt i Grindheimsvegen. Det er ingen større bekkar i området.

Kva gjeld forureining i frå planområdet i avrenningsvatnet, gjeld forureiningslova. Denne har som formål å verne *det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall. Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at*

forurensninger og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse.

Det skal ikkje etablerast forureinande verksemder i planområdet.

2 Vassforsyning

Bømlo kommune har kommunalteknisk VA-norm. Norma er utforma av Vann Vest, basert på malen til Norsk Vann. Me har lagt Bømlo kommune si VA-norm til grunn for løysingane som er skisserte under. Nye bygningar i planområdet, skal kople seg på kommunalt vassnett og knyte seg på ny privat avløpsløysing, med unntak av område FB1 som har godkjent utsleppsløyve og ferdig opparbeida avlaupsløysing. Grunneigar oppgjer at fritidsbustad på område FB3 har eksisterande stikk.

2.1 Løysing for vasstilførsle

Vasstilførsel for området kjem i kommunal 75 mm PE vassleidning i Kenneth Sivertsens Veg. Vasstilkoplinga til nye einingar har to alternative løysingar:

Alternativ 1:

Det er ein kommunal vasskum med ledig uttak for 50 mm PE vassleidning til området ved sjøen like ved eksisterande veg. 50 mm PE leidningen vil enda i fordelingskum ved kryss til brygge, herfrå vil det fordelast i 32 mm stikkleidningar til 7 fritidsbustader og eventuelt ein einebustad.

Alternativ 2:

Det er og lagt opp til at det også kan bli kopla på i kommunal kum i Kenneth Sivertsens veg ovanfor eigedom 14/280. Herfrå vil det gå 32 mm PE til kvar eining. Vasskum i kryss ved sjø vil utgå i dette alternativet.

Desse to alternativa er merka som Alternativ trase 1 og 2 på kartvedlegg.

Behov for vasstilførsel til dei 4 fritidsbustadane som ikkje har eksisterande stikk og einebustaden som skal forsynast gjennom nyetablert 50 mm som er alternativ 1, eller eigne 32 mm stikk frå Alternativ 2 er berekna til 0,7 l/s. Kapasiteten til 50 mm ved eit statisk trykk på 4 bar i eksisterande kommunal kum og minimumstrykk i fordelingskum på 2,5 bar er 4.07 l/s. Om alternativ 1 vert valgt ser ein føre seg at BVA overtek vassleidningen fram til fordelingskum, då denne oppfyller deira krav til minstedimensjon.

Det eksisterer i følgje utbyggjar vassleidningstikk til fritidsbustadane på eigedom 14/225,226 og 227, men dette er ikkje teke høgde for i berekninga av Qdim, då ein ikkje kjenner til kvar dette er påkopla. Ein ser føre seg at dei eksisterande stikka til desse eigedomane kan nyttast som dei er. Eksisterande naust er med i berekninga, då det er usikkert om dette har eksisterande stikkleidning.

Ny eining på FB3 har i følgje grunneigar eige stikk frå eksisterande anlegg.

Type	Faktor	l/d pr pe	Antal	Total pe	Total l/d
Boligar	5	200	1	5	1000
Hytter	4	200	4	16	3200
Campingplass gjestdøgn	0,5	100	0	0	0
Matservering sitteplass	0,25	50	0	0	0
Skuleelever	0,3	60	0	0	0
Tilsett	0,4	80	0	0	0
Sitteplass i forsamling	0,03	6	0	0	0
Sykeheim o.l (senger)	1,5	250	0	0	0
Hotell, pensjonat o.l. (senger)	1,5	250	0	0	0
SUM				21	4200
Gjennomsnitt l/d		200			
Gjennomsnitt l/d		200			
Antal pe		21			
f_maks		3			
k_maks		5,0			
Påkrevd l/s (Qdim)		0,7			

Figur 2 Utrekning av behov for forbruksvatn

Inn-data

Beregn

Avløpsrør (trykkløst) Trykkrør Kapasitet og hastighet

Rørdata

<input checked="" type="radio"/> Utvendig diameter Du	<input type="text" value="50"/> [mm]	SDR <input type="text" value="11"/>
<input type="radio"/> Innvendig diameter Di	<input type="text" value="40,91"/> [mm]	
Ruhet	μ <input type="text" value="0.01"/> [mm] (Råd)	
Rørledningens lengde	L <input type="text" value="100"/> [m]	
Vanntemperatur	<input type="text" value="8"/> [°C]	

Opplysninger om trykkforhold

Trykk ved innløp	P1 <input type="text" value="4"/> bar
Minimum trykk ved utløp	P2 <input type="text" value="2,5"/> bar
Kotehøyde innløp	h1 <input type="text" value="11"/> [m]
Kotehøyde utløp	h2 <input type="text" value="3"/> [m]

Beregnehede verdier

Resultater

Strømningshastighet (Advice)	V <input type="text" value="3.10"/> [m/s]
Kapasitet	Q <input type="text" value="4.07"/> l/s

Figur 3 Berekning av kapasitet til 50mm PE

2.2 Sløkkjevatn

Utgangspunktet for sløkkjevatn vil vere dei preaksepterte verdiane i rettleiinga til Tek 17; 20 l/s i bustadområde og 50 l/s i sentrumsområde/industriområde. Det er eit eksisterande brannvassuttak ved kommunal kai, men kapasiteten i dette området er ikkje tilfredstillande i henhold til Tek 17. Det må tilretteleggast for tilkomst til sjø for brannbil/tankbil ved Kai 1/P2.

3 Løysning for avløp – privat avløpsanlegg – Reinseanlegg

Det er tenkt eit anlegg dimensjonert for 25 PE med fysisk storleik 2.45 m X 3,34 m. Utgangspunktet er eit BioDisc BD. Alle BioDisc reinseanlegg oppfyller norske standarder og krav gitt i NS EN 12566-3 (opptil 50 pe). Fabrikat er ikkje fastlåst, men dette eller tilsvarande vil bli etablert. Det vert lagt til rette for at minireinseanlegg kan fjernast og pumpe nyttast til å pumpe til kommunalt anlegg når dette blir etablert. Minireinseanlegget vil bli dimensjonert til å dekka tre fritidsbustader i område FB2, ein mogleg fritidsbustad i FB1 og ein einebustad på eigedom 14/280, noko som gir totalt 21 pe. Område FB3 har

eksisterande vatn avlaup og ein ser føre seg at dette systemet vert nytta til ei eventuelt fjerde eining i dette området. Det er oppgitt av grunneigar at det er eksisterande stikk til dette.

I henhold til Bømlo kommune si lokale forskrift §11 vert det etablert minireinseanlegg med utløp på minimum 4 meter under lågaste vannstand med utløp minimum 20 meter frå land. Utsleppet må pumpast til utløp. Det er på teikning lagt opp til 30 meter frå land og ei djupne oppgitt av Kystverket til kote -10.

4 Overvasshandtering


Klimaendringane er venta å føre til auka mengde nedbør, samt hyppigare intense nedbørsperiodar. Auka frekvens med intense nedbørsperiodar med mykje nedbør på kort tid er venta å føre til ei auke i materiell skade. NVE anbefaler at eit klimapåslag vert nytta ved berekning av overvassmengder for små nedbørsfelt, uavhengig av lokasjon (NVE, 2016). Sidan nedbørsmålinga starta i 1900 har nedbørsmengda auka med ca. 18% i Noreg (Hanssen-Bauer et al., 2015). Auken har vore størst om vinteren, og auken har vore størst på Vestlandet. Det er venta at på Vestlandet vil vassføringa i ein 200 års flaum sannsynleg auke med meir enn 20 % dei neste 100 åra (NVE, 2016). Auka avrenning grunna endring i klima er gradvis, og overvasshandteringen må dimensjonerast på ein sikker og god måte slik at ein oppnår god vassbalanse heile vegen.

4.1 Dagens løysing

Dagens overvassløysing er løyst med naturleg avrenning til sjø.

4.2 Beskriving av området

Planområdet ligg i Grindheimsvågen i Bømlo kommune og er 17 daa totalt. Området består av eksisterande einebustader og fritidsboligar med tilhøyrande vegareal. Det er ingen bekkefar innafor området.



Figur 4 Nedbørsfelt i planområde

4.3 Berekning av overvassmengd etter utbygging

Til å beregne vassføring, for både situasjonen før og etter utbygging, er det nyttet den rasjonelle formelen. Den nærmeste værstasjonen med naudsynt nedbørsstatistikk er Karmøy-Brekkevatn, som ligg om lag 50 km i frå planområda.

Den rasjonelle metoden er tatt i bruk:

$$Q_{\text{DIM}} = c * i * A * K_f$$

Q_{DIM} = dimensjonerende vannføring (l/s)

c = avrenningskoeffisienten

i = nedbørsintesitet (l/s*ha)

A = areal av nedslagsfelt i ha

Kf = Klimafaktor

4.3.1 Utrekning av overvassmengd

Området ligg innanfor eit større nedbørsfelt. Resipient er til sjø. Delar av planområdet er ferdig utbygd med einebustader og fritidsbustader med tilhøyrande tilkomstveg og oppstillingsplass. Gjenståande

utbyggingsområde er eit ferdig planert område for fritidsbustader, eit område for 3 nye fritidsbustader, fortetting av eit område med ein ekstra fritidsbustad, samt to tomtar til einebustader.

Planlagde tiltak legg til rette for ei mindre auka areal med tette flater, samt mindre endring av avrenningsmønster for overflatevatn. For å dimensjonere infrastruktur til å handtera endringar i klima og forventa auke i nedbør fram mot år 2100, er det nyttå eit klimapåslag på 40 %. Avrenningskoeffisienten er auka frå 0,5 til 0,6, før og etter utbygging.

Ein har ikkje teke høgde for område oppstrøms planområde, då dette område har naturleg avrenning langs eksisterande veg til sjø.

Overvassnorma til Bømlo kommune kap 3.2 seier følgande:

«Det vert skild mellom gjentaksintervall for dimensjonerande vassføring ved høvesvis fylt leidning og ved oppstuing til mark-/gate-/kjellarnivå. I opne område der oversvømming medfører relativt små konsekvensar kan dimensjonerande regnskylhyppigkeit nyttast. Då skal leidningsanlegg dimensjonast for fylt leidning, dvs. slik at oppstuing ikkje oppstår ved dimensjonerande gjentaksintervall/regnskyl.»

Tek 17 §15-8 seier derimot følgande: «Løsninger for infiltrasjon, fordrøyning og avledning av overvann skal til sammen dimensjoneres for nedbør med klimajustert 100-års gjentaksintervall, så langt ikke annet er bestemt i arealplan.»

Ein har på dette grunnlag benytta seg av 1 i løpet av 10 år.

Berekningar viser at avrenning frå planområde vil gi ei avrenning på 79,85 l/s med eit klimapåslag på 40%.

Dimensjonerende regnskylhyppighet (1 i løpet av "n" år)*	Plassering	Dimensjonerende oversvømmelseshyppighet ** (1 i løpet av "n" år)
1 i løpet av 5	Områder med lavt skadepotensiale (utkantområder, landbrukskommuner)	1 i løpet av 10
1 i løpet av 10	Boligområder	1 i løpet av 20
1 i løpet av 20	Bysenter /industriområder/forretningsstrok	1 i løpet av 30
1 i løpet av 30	Underganger/ områder med meget høyt skadepotensial	1 i løpet av 50


Figur 5 Tabell frå Bømlo kommune si VA-Norm

Utrekning Grindheimsvågen i dag				Utrekning Grindheimsvågen etter utbygging			
Nedslagsfelt=A	= areal	=	0,596 ha	Nedslagsfelt=A	= areal	=	0,596 ha
Bygelendt	= antatt	=	10 min	Bygelendt	= antatt	=	10 min
Nedbørsintensitet i:	= tabell	=	159,5 l/s*ha	Brekkevatn	Nedbørsintensitet i:	= tabell	= 159,5 l/s*ha Brekkevatn
Avrenningskoeffisient c	= tabell	=	0,5 l/s	Planområde	Avrenningskoeffisient c	= tabell	= 0,6 l/s Planområde
Klimafaktor Kf	= gitt	=	1	Klimafaktor Kf	= gitt	=	1,4
Qdim	= c*i*A*Kf	=	47,531 l/s	Qdim	= c*i*A*Kf	=	79,85208 l/s

Figur 6 Utrekning av overvann

4.4 Overvasshandtering


Hovedelementa i lokal overvasshandtering er infiltrasjon og fordrøyning. Ved infiltrasjon vert vatnet infiltrert direkte til grunnen, enten via terrengoverflata eller via ulike magasin/grøfter i grunnen. Ved fordrøyning vert vatnet leia til eit naturleg eller kunstig magasin der det vert fordrøyd før det vert infiltrert eller ført til recipient eller til avløps-/overvassleidningsnett. Ofte må det nyttast kombinasjonsløysingar av infiltrasjon og fordrøyning i åpent/lukka basseng. Lokal overvasshandtering medfører i tillegg ofte ei betydeleg reinsing av overvatnet, avhengig av kva løysingar som vert nytta. Norsk Vann sin «Veileddning i klimatilpasset overvannshåndtering» tilrår at ein nyttar ein treledd-strategi ved utforming og dimensjonering av overvassanlegg.



Kategori	Eksempel på teknisk utforming
Lokal overvasshandtering. Infiltrasjon og fordrøyning i nærleik av kjelda.	Infiltrasjon på graskledte flatar Porøse dekke Infiltrasjon i steinfylling Tilfeldig ansamling av overvatn på spesielle overflatar for oversvømming Dammar Våtmarker
Fordroyd bortleiing	Terrengforsenkningar Kanalar Bekker/grøfter
Samla fordrøyning	Dammar Våtmarksområde Tjørn/innsjøar.

- Den mest effektive måten å redusere overvassavrenninga på er å minske andel tette flater. Ein stor del av overvassavrenninga kan på den måten fjernast. Dette gjeld primært oppe i feltet.
- Overvatn frå tette flater bør handterast så nær kjelda som mogeleg. Dette kan skje ved avleiing av overvatn til graskledte overflatar eller andre permeable overflatar der det kan infiltrere.
- Det overvatnet som ikkje kan infiltrerast nær kjelda bør om mogeleg bortleiaast i åpne renner. I desse vert avrenninga utjamna og fordrøyd, samtidig som ein oppnår ei viss reinsing av overvatnet.
- Dersom overvatnet ikkje kan handterast innanfor området der det oppstår, bør ein etablere fordrøyingsanlegg lenger nede i systemet.

Figur 7 BVA sin illustrasjon for tretrinn-strategi



Figur 8 Illustrasjon av tretrinn-strategi – Norsk Vann

Ein ser føre seg å framleis nytta seg av naturleg fall og avrenning til sjø, då det meste av område som vert utbygd ligg svært nært sjø. Ein vil likevel etablere ein sandfang i lågbrekke ved kryss/snuhammar for å handtera overvatn som kjem i veggrøft og tilsig frå fjellskjering i samband med flytting av vegen. Denne må ha minimumsdimensjon på 200mm OD, men den vart planlagt som 250mm OD. Overvatn som kjem ned frå hovudveg og parkeringsplass må handterast i veggrøft mot sandfang. Vasskum vil verta drenert til denne leidningen. Overvassleidning skal ha direkte utløp til sjø.

Tretrinn-strategien vil bli løyst på følgande måte:

- Trinn 0 – Reguleringsplan og VA-Rammeplan
- Trinn 1 – Naturleg infiltrasjon og avrenning til nærliggande sjø
- Trinn 2 – Avrenning til nærliggande sjø
- Trinn 3 – Avrenning til nærliggande sjø

Inndata

Beregn


Kapasitet og hastighet
 Diameter og hastighet

Rørdata

Ruhet	μ	Hovedledning - 0.25	[mm]
Fall (Advice)	α	150	%
Vanntemperatur		10	°C

Ønsket kapasitet og fyllingshøyde

Ønsket kapasitet	Q	79,85	I/s
Fyllingshøyde	h	80	[%]



Beregne verdier

Resultater

Strømningshastighet (Advice)	V	5.05	[m/s]
Innvendig diameter	D	153	[mm]
Egnet Infra ID rør	Pragma ID 160		
Egnet Pragma OD rør	Pragma OD 200		

Figur 9 Berekning av rør til 79,85 l/s - overvann

4.4.1 Flaumvegar

Planert flate må utformast slik at den kan verta nytta som trygg flaumveg under ekstreme nedbørs-hendingar. Vegnettet må ha fall mot sjø, og vekk frå bygg. Området ligg med naturleg fall mot sjø, og vert utforma slik at det vil ha trygge flaumvegar direkte til sjø.

Tilkomstvegen må prosjekterast slik at den har kapasitet til å handtere flaumvatn, samt at tverrfall utformast slik at det ikkje oppstår dammar eller svankar som skaper hindringar for strømmingsmønsteret til overflatevatnet.

4.5 Konsekvensar for areal nedstraums planområdet

Nedbørsfeltet har avrenning direkte til sjø, og vil derfor ikkje føre til skade eller ulemper for omkringliggende areal.

5 Kjelder

Bømlo kommune

Bømlo Vatn og Avløpsselskap

NVE Altas

Kystverket

VA-Miljøblad

Pipelife

Norsk Vann

6 Vedlegg

GH001 – VA-Plan